



Referat

Underutval for barn og unges psykiske helse, Voss lokalsjukehusområde

Dato og tidspunkt:	24.11.22 Kl. 12:00
Møtestad:	BUP Voss
Møteleiar:	Gunnlaug Lekve
Til stade:	Gunnlaug Lekve (Ulvik), Elise Rognsvåg (Kvam), June Eide Viken (Vaksdal), Marianne Røynesdal (BUP Voss), Kjell R. Stien (Voss), Bridget Penny (brukarrepresentant), Sveinung Hellesen Nygård(Voss) og Sissel Berg (BUP Voss)
Fråfall utan vara:	Rita Høvset (Eidfjord) og Ruth Helene Garmann (BUP Voss),
Referent:	Sissel Berg

Nr.	Saksliste	Sakstype <i>(Vedtak Drøfting Orientering)</i>	Vedlegg	Ansvar
14/22	Godkjenning av innkalling Samrøystes vedtak: Underutvalet for barn og unges psykiske helse godkjenner innkallinga.	V		
15/22	Godkjenning av referat frå møte i underutvalet Samrøystes vedtak: Underutvalet for barn og unges psykiske helse godkjenner referatet.	V		
16/22	Aktuelt frå medlemmane i underutvalet Kvam: <ul style="list-style-type: none">• Barnekoordinator skal tilsetjast . Er under planlegging.• Har tilsett ny helse- og omsorgssjef.	O		

	<ul style="list-style-type: none"> • Miljørettelrarar til skulane - skal aukast opp frå 4 til 8 stillingar. • Krevjande personalsituasjon i skulen. Vanskeleg å få inn vikarar. Mange elevar får ikkje det dei har rett på. Har vore underbemanna sidan skulestart i haust. • Positivt at BUP har ADHD-gruppetilbod i Kvam. • FACT-ung prosjektmidlar overført til 2023. <p>Ulvik:</p> <ul style="list-style-type: none"> • BTI: Er kome ut på heradet si nettside. Der finn ein informasjon om kva ein gjer om ein er bekymra for eit barn. • Det vert jobba mykje med språk i barnehagen. Språkkompetansen er ikkje så god blant ein del born. • Ein del arbeid i samband med at det har kome flyktningar frå Ukraina. • Stort sjukefråvær i skule og barnehage. Mangel på ressursar/leiing i skulen. Arbeider med miljø. • Har gode tverrfaglege møter der mellom anna politi, barnevern, helse, ungdomsleiar og skule er med. • Helsesjukepleiar i 80 % stilling. 20 % er ledig. • Samarbeidet med Voss herad om psykologteneste fungerer godt. • Barnekoordinator må drøftast meir. <p>Vaksdal:</p> <ul style="list-style-type: none"> • COS-P foreldrerettleiing ved helsestasjonen er etterspurt. Ferdig med første runde. Skal ha ny runde etter jul. • Skal ha møte med Voss herad om eventuelt samarbeid om kommunepsykolog. • Ny vikarlege er på plass. • Vaksdal har blitt med i Voss sitt konsultasjonsteam. • Helsestasjonen har bra med ressursar. Fødselstala er halvert i løpet av dei siste 5 åra. • Utfordring at helsestasjonen og psykisk helse og rus deler venterom. • Barneansvarleg er under planlegging. • Barnekoordinator er ikkje avklara. <p>Voss:</p>			
--	--	--	--	--

	<ul style="list-style-type: none"> • Har 4 psykologar no. Den eine psykologstillinga er delt 50/50 mellom kommunen og vidaregåande skule. • Har tilsett barnekoordinator i 100 % stilling. • Har tilsett ny leiar for Forvaltningskontoret. • Ny leiar er på plass på PPT. • Spesialpedagogar for barnehagane høyrer til PPT. Mål om meir systemarbeid. • Positivt at helsestasjonen har helsesjukepleiarar i alle stillingane. • Stafettlogg skal vere på plass neste haust. • Start samtalar fungerer fint. Viktig å kartlegge nettverk. • Ny reform vert arbeida med i barneverntenesta. • Liten kapasitet når det gjeld familierapeutar og miljøterapeutar i barneverntenesta. <p>Brukarrepresentant:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Barnekoordinator er eit viktig tema. Viktig at familiarne kjenner seg trygge og at det vert skriva gode referat etter møter der det kjem fram kva som skal følgast opp. Må sikre god overføring ved endring av koordinator. • Tilsyn før og etter skuletid på ungdomsskulen er på plass. <p>BUP:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Har hatt pasientsikkerheitsvisitt med besøk av mellom anna adm. dir. i Helse Bergen. Tema for møtet var mellom anna pasientflyt, bruk av sjukepleiar i oppfølging av ADHD-pasientar og rekruttering. • LIS-lege går ut i permisjon til jul. Får inn ny lege etter nyttår. • Har tilsett ein psykolog som startar 01.01.23. Har fortsatt ein ledig psykologstilling. Får inn ein psykologstudent som skal vere i fem månadar. • Heile Psykisk helsevern for barn og unge har mykje å gjere. Får inn fleire nye pasientar enn det ein klarar å avslutte. Særleg Spesialpoliklinikken har lange ventetider. Der må dei prioritere utgreiingar. Rettleggstilbodet til kommunane vert difor redusert. • Viktig å få gode tilvisingar til BUP. Seksjonsleiar på BUP vert med på personalmøtet til Voss PPT for å snakke om dette. • Viktig å auke kompetansen ute i poliklinikkane i forhold til spiseforstyrning. Denne pasientgruppa tek mykje av kapasiteten på både Akuttpost og 			
--	---	--	--	--

	<p>Ungdomspost i tillegg til poliklinikkane som har tyngdepunktsfunksjon.</p> <ul style="list-style-type: none"> • 3 tilsette ved BUP skal på kurs i emosjonsfokuset foreldrerettleing. 			
17/22	<p>Val av ny leiar i underutvalet</p> <p>Samrøystes vedtak: Ny leiar i Underutvalet for barn og unges psykiske helse er June Eide Viken.</p>	V		
18/22	<p>Ymse</p> <ul style="list-style-type: none"> • Mail frå Samarbeidsrådet v/Reidun Braut Kjosås: Endring av fagnettverk. Det kan bli endringar i underutvala. Ny overordna avtale signert 16.09.22. Status for arbeidet i Underutvalet for barn og unges psykiske helse er lagt fram v/Gunnlaug Lekve. Medlemene i Underutvalet for barn og unges psykiske helse er einige om at det er nyttig å ha desse møta for å snakke om kva som skjer i dei ulike kommunane. Det er ynskje om at Samarbeidsrådet avklarar forventningar til Underutvalet for barn og unges psykiske helse. • Vidare møteplan for underutvalet: Torsdag 16.02.23 kl. 13 til 15 og torsdag 11.05.23 kl. 13 til 15. 	O		

Tidspunkt for neste møte i Underutvalet for barn og unge si psykiske helse vert **torsdag 16.02.23 kl.13** på BUP Voss. Ber om at medlemene i underutvalet melder i frå dersom de ikkje har høve til å møta.